



## Notat

Dato: 03.09.2018  
Arkivsak: 2016/34293-39  
Saksbehandlar: berkilv

---

Til: Fylkesrådmannen

Fra: Berit Dianne Kilvær

---

### Finansiering av bomprosjekter - oversendingsforslag

I møteprotokoll frå fylkesutvalet 30.08.2018 er det under PS 203/18 Ymse teke inn følgjande:

«I samband med RS 116/18 sette **Roald Kvamme(A)** på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Finansiering av bomprosjekter.

I den utsendte meldinga om Ferde vert det omtalt fleire utfordringar som selskapet har. Mellom anna skal selskapet finansiera mellom 50-60 milliardar til bompengeprosjekter. Dette omfanget skapar utfordringar for kvar selskapet kan låna pengar og om det er mulig for norske bankar å gje så store lån til ein kunde.

«Ferde har en betydelig låneportefølje. Ferde vurderer nå om det er aktuelt å refinansiere enkelte prosjekt for å oppnå bedre lånevilkår. Ett problem i denne sammenhengen er at enkelte banker har utlånsbegrensninger i forhold til hvor mye en enkeltkunde kan låne. Det skal utarbeides et finansreglement for Ferde».

Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak der ein får gjort greie for dei utfodringane selskapet har i høve til finansiering av låneportefølje og kva dette inneber for fylkeskommunane sitt garantisvar for lån og andre sider ved driften av Ferde.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.»